



Medietilsynet  
NORWEGIAN MEDIA AUTHORITY

## Til filmfestivalar og kulturkontor i kommunar og fylke

Dykkar ref.:

Vår ref.: 08/2594

Dato: 8. januar 2009

### Informasjon om reglane for framsyning av film på festivalar og andre kulturarrangement

Alle filmar som skal synast fram på kino for personar under 18 år må ha aldersgrensevurdering frå Medietilsynet. I utgangspunktet er både vanlege kinoframsyingar og framsyingar på festivalar eller andre kulturarrangement å rekne etter lova som "framsyning i næring", så lenge det er framsyingar for eit betalande publikum. Det er gjort unntak for lukka framsyingar i til dømes filmklubbar.

Medietilsynet kan likevel gje dispensasjon frå kravet om førehandskontroll etter søknad, jf. forskrift om film og videogram § 4-4.

Med omsyn til dette vil vi informere dykk om at søknad om dispensasjon frå kravet om førehandskontroll må sendast til Medietilsynet i god tid før festivalen eller filmarrangementet byrjar. Merk fylgjande:

- Dersom festivalen eller arrangementet berre slepp inn personar over 18 år, er dispensasjonssøknad ikkje naudsynt. Filmane må likevel registrerast i Medietilsynet. Sjå nærare på Medietilsynet sin nettstad [www.medietilsynet.no](http://www.medietilsynet.no) om registrering av filmar, eller kontakt Medietilsynet.
- For festivalar som gjev tilgjenge for personar under 18 år, må Medietilsynet få ein søknad om dispensasjon frå kravet om førehandskontroll. Søknaden må innehalde ei framstilling av arrangementet; med informasjon om filmar og program.
- Arrangøren er ansvarleg for at filmane som skal synast fram ikkje er i strid med straffelova § 382 eller lov om film og videogram § 13a.

Dersom du har spørsmål kan du kontakte Medietilsynet på telefon 69 30 12 00 eller e-post: [post@medietilsynet.no](mailto:post@medietilsynet.no).

Beste helsing

Eva Liestøl  
områdeleiar, brukartryggleik

Ove Watne  
rådgjevar